

ADVOKATANE
LOTHE & MARDAL
I KONTORFELLESKAP
M.N.A.

200901128-134
KV/JASO 312

NVE
Konsesjonsavdelinga
Boks 5091 Majorstuen
0301 Oslo

Sandane, 14. september 2011

Postadresse : Postboks 138,
6821 Sandane

Kontoradr. : Grandavegen 5

Vår ref. : 3199/32261.doc/HL
Dykkar ref.: NVE 200901128-68

**MERKNADER TIL KONSESJONSSØKNAD OM UTBYGGING AV STORELVA I
GLOPPEN KOMMUNE – BREIM KRAFT AS**

Som påpekt i tidlegare merknader i saka representerer underteikna to av dei tre
gardbrukarane på Seime – Nils Seime og Peder Seime.

Det vert vist til at merknadsfristen av NVE ved brev av 20/7-2011 vart forlenga frå 15/8
til 15/9-2011.

Som følgje av at dei partar eg representerer ser det planlagde inngrepet i osen i Storelva som
eit reint øydeleggande tiltak for dei fleste interesser knytt til bustad og levekår i Seimegrenda
med omliggande miljø, har dei funne grunn til å sjå nærare på ein del av føresetnadane som
ligg til grunn i konsekvensutgreiinga frå konsesjonssøkjjar då dei meiner at utgreiingane er
heller mangelfulle på fleire punkt, og ber såleis NVE å vurdere å pålegge søkjjar å greie ut
ytterlegare faglege spørsmål, som ein går inn på nedanfor.

Mine partar sine merknader er delt i to bolkar, der ein viser til skrevet som partane sjølve har
sendt inn nyleg vedkommande utbyggingsspørsmåla jf. brev datert 14/6-2011, notat frå
partane datert 20/5-2011 samt fotodokumentasjon, og som i det følgjande vert nemnt som
første del.

Det som såleis er andre del er nerverande skriv med dei vedlegg som vert framsendt,
vedkommande 1) Utbyggingsalternativ med plassering av kraftstasjon oppstraums Seime bru,
2) Fiskeinteresser i Storelva, 3) Naturinteresser/miljø/busetnad mm og 4) Plassering av
masser og ev. transport gjennom Seimegrenda.

Advokat Hans Lothe AS
Org. nr. : 888402802 MVA

Driftskonto : 3710.07.03352
Klientkonto : 3710.07.03344

Telefon : 57 88 44 00
Telefaks : 57 88 44 01
E-post : post@lothemardal.no
Heimeside : www.lothemardal.no
Adv.assistent Britt Bakka Henriksen

Advokat Jan Erik Mardal AS
Org.nr. : 991647449 MVA

Driftskonto : 3705.12.38800
Klientkonto : 3705.12.39254

Til 1. Utbyggingsalternativa

Slik konsesjonssøkingar er pålagt i NVE sitt program for konsekvensutgreiing, skal det gjerast undersøkingar for mulegheit av kraftstasjonsplassering oppstraums Seime bru. Dette synest ikkje gjort på langt nær tilfredsstillande, som følgje av at ein berre har fått ein analyse av dei store lausmassar i området Seime bru med den for så vidt greie konklusjon at dei stadlege tilhøve umuleggjer lønsemd ved stasjonsplasseringa der jf. innteikna stasjon på kartet nedanfor brua.

Dei mulegheiter som måtte vere for stasjonsplassering lenger oppe i elva jf. føresetnaden om oppstraums Seime bru synest ikkje vurdert anna enn reint overflatisk, og ein viser til utbyggjar sine merknader om dette.

Mine klientar har engasjert Asplan Viak AS til å sjå på om det finst alternative plasseringsmulegheiter, og det vert vist til den rapporten som ligg ved saman med tilhøyrande kart, der det vert peika på mulegheiter for anna stasjonsplassering/vassvegframføring som klart synest forsømt utgreidd i henhold til dei krav som er sett.

Vedlegg 1: Rapport frå Asplan Viak AS datert 4/8-2011.

Asplan Viak AS sin konklusjon om at utbyggjar vert pålagt tilleggsutgreiingar vert fullt ut støtta av mine klientar.

Til 2. Utbygginga sin verknad for Storaure-bestanden i Breimsvatnet

Sidan utbyggjar meiner at den påtenkte utbygginga ikkje vil ha synderleg påverknad av Storaurebestanden i Breimsvatnet med det reint vesentlege inngrepet i elva og elveosen som er føresett, har mine klientar vendt seg til NIVA for å få ei tilleggsutgreiing om tilhøva i elva og produksjonstilhøva for aure.

Ein legg såleis ved NIVA sin rapport datert 5/9-2011, der det synest gjort ei temmeleg grundig undersøking og som viser at nokre av utbyggjar sine konklusjonar knytt til storaurebestanden slett ikkje er overbevisande fagleg dokumentert. Tvert om oppfattar ein det slik at der er ein temmeleg stor ungfiskproduksjon, som kan ha betydning for den forholdsvis særegne Storaurebestanden i Breimsvatnet.

Vedlegg 2: Rapport frå NIVA datert 5/9-2011.

Til 3. Utbygginga sin verknad for Seime-grenda vedkommande Naturmangfald, Nærmiljø mm.

Også når det gjeld ovannemnde har mine klientar funne grunn til å få nokon til å sjå på den omsøkte utbygginga sine konsekvensar, og ein har i det høvet engasjert Aurland Naturverkstad til å vurdere det føreliggande materialet opp mot det ein ser som pårekneleg endringar for miljø, livskvalitet, naturverdiar og kulturlandskap.

Det vert såleis vist til rapporten datert 9/9-2011 med dei klare konklusjonar om verknadane av den planlagde utbygginga, og om spørsmål som dels er mangelfullt og dels heilt unnlete utgreidd. Det vert særleg vist til oppsummeringa under pkt.5.

Vedlegg 3: Rapport frå Aurland Naturverkstad datert 9/9-2011.

Også for desse spørsmåla sitt vedkommande finn ein klare argument mot den planlagte utbygginga med endring av elveosen, og i alle fall må det påleggast tilfredsstillande utgreiing av spørsmåla påpeikte.

Til 4. Massedeponi ved utbygging

I utgangspunktet vert det lagt til grunn at det skal deponerast 350.000kbm tunnelmasse jf. Fagrapport 9 Naturmiljø.

Aurland Naturverkstad er i rapporten inne på den reint mangelfulle utgreiinga om alternativ til massedeponering i vatn, der ein forstår utbyggar som temmeleg tvetydig i det som så langt har kome fram.

Ifall massedeponiet skal vere i området/søkka mot Høylo, som var nemnt som eit alternativ på siste folkemøte, er det klart at det vil skje ein omfattande transport med tunge køyretøy der einaste veg i dag er gjennom tuna på Seime. Sidan vesentlege deler av tunnelen må slåast på stigning, dvs. med masseuttak ved utløpet mot Breimsvatnet, er det venteleg pårekneleg at meir enn 90% av massen må transporterast til ev. deponi ved Høylo med dei vesentlege ulemper denne transporten forårsakar for nærmiljøet med anslege 30.000 lass, over ein veg som ikkje har på langt nær den standard som trengst for slik transport og som medfører at transporten venteleg vil krevje ny anleggsveg.

Alternativet til massedeponering i vatnet er på fleire vis særdeles uklart, ikkje berre med omsyn til lokalisering, men og med kva mengder som kan plasserast som nemnt, og også ikkje minst korleis ein ser føre seg gjennomføringa innan lovlege rammer der også granneretten spelar ei rolle.

Det må såleis vere korrekt som anført av Aurland Naturverkstad at alternativ deponering må konsekvensutgreiast på vanleg måte, ifall deponering i vatnet ikkje vert tillete.

x

Når dette er sagt vil dei to partar underteikna representerer på nytt framhalde at dei ikkje er imot ei utbygging av Storelva i Breim, men at ei slik utbygging skal ta dei naudsynte omsyn som busetnad og miljø osv. krev.

Dei går såleis på det aller sterkaste imot den konsesjonssøkte utbygginga med plassering av kraftstasjon på Seime.

Ein vonar merknadane vert teke tilfølgje.

Med vennleg helsing

Hans Lothe